

Europaparlamentet drøfta utkastet til innstilling til om europeisk arbeidsmarknadsbyrå

12. juli 2018

- *opptatt av balansen mellom byrået og nasjonal kompetanse og nasjonale arbeidslivsmodellar*
- *Ulike syn på kva oppgåver, til dømes knytt til informasjon, som bør leggjast til byrået*
- *Saksordføraren meiner det i hovudsak bør vere obligatorisk for landa å delta i felles inspeksjonar*
- *Saksordføraren foreslår at om landa frivillig har gått med på mekling og tvisteløysing, bør byrået få kompetanse å gjere bindande vedtak.*
- *Fleire opptatt av at dei sosiale partane må sterkare inn i arbeidet til byrået*

Arbeids- og sosialkomiteen i Europaparlamentet drøfta i går [utkastet til innstilling til framlegget om å etablere eit europeisk arbeidsmarknadsbyrå](#).

Saksordfører Jeroen Lenaers (EPP, Nederland) skriv i utkastet til innstilling og sa i møtet at EU må sikre ikkje berre fri mobilitet, men også rettferdig mobilitet. Han støtta framlegget om eit nytt byrå, men det er viktig at det får ei klart definert rolle og avgrensa oppgåver. Til dømes er han i tvil om byrået bør få oppgåver knytt til informasjon eller arbeidsformidling. Jamvel om det er viktig med respekt for nasjonal kompetanse, er det er ikkje nok at medlemslanda sine nasjonale tilsyn kan delta på frivillig basis. I staden bør det vere obligatorisk for landa å delta i felles eller grensekryssande inspeksjonar anna enn i sjeldne og klart definerte tilfelle. Han foreslår også anna at når medlemslanda frivillig har gått med på mekling og tvisteløysing, bør samstundes byrået har kompetanse til å avgjere tvistar ved å gjere bindande vedtak.

Skuggeordførarane som hadde ordet frå S&D, ECR, ALDE og GUE/NGL støtta i hovudsak utkastet og vurderingane til saksordføraren. Dei grøne og dei to ytre høgre partia var ikkje tilstade i møtet. Fleire var opptatt av balansen mellom byrået og nasjonale kompetanse og velfungerande nasjonale arbeidslivsmodellar. Partane i arbeidslivet må sikrast breiare representasjon. Det er viktig at arbeidet under den eksisterande plattformen mot svart arbeid blir vidareført.

Georgi Prinski (S&D, Bulgaria) la spesielt vekt på at framlegget ikkje berre må omfatte utstasjonert arbeidskraft og at det blir avklart korleis ulike omgrep som pendlarar, mobil arbeidskraft, mobile borgarar og så vidare er å forstå. Det er viktig med ein balanse mellom nasjonal kompetanse og det nye byrået og at byrået får ein klar rolle i inspeksjon og mekling. Han var usikker på om byrået bør få overført ansvaret for alle dei oppgåvene det er gjort framlegg om.

Ulrike Trebesius (ECR, Tyskland) vona byrået vil medføre meir effektiv ressursbruk på dette området og sa byrået må ha gode rutinar for datahandtering. Ho var skeptisk til at byrået automatisk skal vidareførast om fem år og meinte mellom anna brexit kan medføre at det er behov for å revurdere byrået etter ei stund.

Marian Harkin (ALDE, Irland) sa også det er viktig å sikre rettferdig mobilitet. Dette krev fokus både på informasjon, samarbeid, støtte, kapasitetsbygging og etterleving av regelverk. Det er viktig at det nye byrået får ressursar og makt nok til å kunne gjere ein skilnad.

Rina Ronja Kari (GUE/NGL, Danmark) sa formålet med byrået må vere å styrke kampen mot sosial dumping og inkludere partane meir i dette arbeidet. Ho var i utgangspunktet kritisk til framlegget, men var villig til å drøfte korleis det kan bli betre.

Michaela Sojdrova (EPP, Tsjekkia) sa det er viktig å utnytte eksisterande ressursar og at byrået ikkje må føre til auka ressursbruk. Byrået bør lokalisrast i eit av dei nye EU-landa. Ho la til grunn at alle verksemdar kan få gratis informasjon frå byrået og at alle medlemsland må kunne delta i alle rådgjevande komitear som blir etablert.

I ein kort kommentar takka Kommisjonen for at komiteen har lagt opp til ein ambisiøs tidsplan og sa seg villig til å drøfte dei framlegga og ideane som dei ulike medlemmane hadde kome med. Det er viktig at byrået både bidrar med førebyggjande tiltak og med å sikre betre handheving av reglar.

Saksordføraren har fremja 46 endringsframlegg. Andre medlemmar i Europaparlamentet har frist til 17. juli for å kome med sine endringsframlegg. Komiteen vil gå gjennom desse på møtet 30. – 31. august og det er lagt opp til vedtak i komiteen 18. oktober.

Med helsing

Per S. Nestande
seniorrådgjevar
Stortingets Brussel-kontor
internasjonal avdeling



Telefon: +47 23 31 36 11
Mobil: +47 917 68 598
E-post: psn@stortinget.no